

Resultatrekneskap

Beløp i 1000 NOK

Helse Møre og Romsdal HF

Note

2023

2022

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER

Basisramme	3	5 620 487	4 756 270
Aktivitetsbasert inntekt	3	2 266 601	2 520 548
Annan driftsinntekt	3	275 228	481 781
Sum driftsinntekter		8 162 316	7 758 598

Kjøp av helsetenester	4	400 623	390 474
Varekostnad	5	1 052 673	990 635
Lønn og andre personalkostnader	6	5 265 399	4 965 716
Ordinære avskrivningar	11	210 625	210 064
Nedskrivning	11	0	75
Andre driftskostnader	7+8	1 227 653	1 078 076
Sum driftskostnader		8 156 973	7 635 040

Resultat frå drifta		5 343	123 559
----------------------------	--	--------------	----------------

FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Finansinntekter	9	49 258	20 256
Andre finanskostnader	9	22 700	5 275
Netto finansresultat		26 558	14 982

RESULTAT FOR ÅRET		31 901	138 540
--------------------------	--	---------------	----------------

OVERFØRINGAR:

Overført til/frå annan eigenkapital	18	31 901	138 540
-------------------------------------	----	--------	---------

Sum overføringar		31 901	138 540
-------------------------	--	---------------	----------------

Balanse

Beløp i 1000 NOK

Helse Møre og Romsdal HF

Note

2023

2022

EIGEDLAR

Anleggsmidler

Immaterielle egedelar

Lisensar og programvare 10

Varige driftsmidler

Tomter, bygningar og annan fast eigedom 11+12 1 878 760 1 922 853

Medisinteknisk utstyr, inventar, transportm. o.l 11+12 478 122 444 227

Anlegg under utføring 5 304 879 3 049 121

Sum varige driftsmidler 7 661 761 5 416 201

Investering i andre aksjar og partar 13 385 167 361 624

Andre finansielle anleggsmidler 14 973 656 973 656

Pensjonsmidlar 19 1 218 079 855 125

Sum finansielle anleggsmidler 2 576 901 2 190 404

Sum anleggsmidler 10 238 662 7 606 605

Omlaupsmidler

Varer 15 77 181 75 729

Krav 16 247 628 291 648

Bankinnskot, kontantar og liknande 17 198 367 173 753

Sum omlaupsmidler 523 176 541 130

SUM EIGEDLAR 10 761 839 8 147 735

Balanse

Beløp i 1000 NOK

Helse Møre og Romsdal HF

Note

2023

2022

EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Føretakskapital	18	100	100
Annan innskoten eigenkapital	18	2 892 920	2 892 920

Sum innskoten eigenkapital 2 893 020 2 893 020

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	18	405 590	373 689
--------------------	----	---------	---------

Sum opptent eigenkapital 405 590 373 689

Sum eigenkapital 3 298 610 3 266 710

Gjeld

Avsetjinger for forpliktingar

Andre avsetjinger for forpliktingar	21	160 702	168 705
-------------------------------------	----	---------	---------

Sum avsetjinger for forpliktingar 160 702 168 705

Annan langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld til føretak i same konsern	22	5 129 030	2 982 625
Anna langsiktig gjeld	22	53 157	66 794

Sum langsiktig gjeld 5 182 187 3 049 420

Skuldige offentlege avgifter		413 032	338 446
Anna kortsiktig gjeld	23	1 707 308	1 324 455

Sum kortsiktig gjeld 2 120 339 1 662 901

Sum gjeld 7 463 228 4 881 025

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD 10 761 839 8 147 735

Ålesund, 31.12.2023 / 17.04.2024
Styret for Helse Møre og Romsdal HF

Ingve Roger Theodorsen
Styreleiar

Gerd Marit Langøy
Nestleiar

Sunniva Jansdotter Nydahl Rognerud
Styremedlem

Roger Magne Osen
Styremedlem

Leon Jarle Aurdal
Styremedlem

Anette Lekve
Styremedlem

Tore Schytte
Styremedlem

Torgeir Sand Aas
Styremedlem

Olav Lødemel
Adm direktør

Kontantstrømoppstilling

Helse Møre og Romsdal HF

Beløp i 1000 NOK

2023

2022

KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:

Resultat i året	31 901	138 540
Tap/vinst ved sal av anleggsmidler	-103	-94 601
Ordinære avskrivningar	210 625	210 064
Nedskrivning av varige driftsmidler	0	75
Endring i omlaupsmidlar	42 568	334 833
Endring i kortsiktig gjeld	457 438	150 872
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar	-362 954	-159 792
Investeringsstilskott ført til inntekt	-7 945	-6 700

Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	371 529	573 292
---	----------------	----------------

KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:

Innbetaling ved sal av varige driftsmidler	113	152 334
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-2 456 185	-1 851 299
Utbetalningar ved kjøp av andre finansielle egedelar	-23 543	-21 494

Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-2 479 615	-1 720 459
---	-------------------	-------------------

KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:

Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	2 150 188	1 094 872
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-17 431	-22 642
Innbetaling av investeringstilskott	0	77 647
Endring andre langsiktige forpliktingar	-57	2 110

Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	2 132 700	1 151 987
--	------------------	------------------

Netto endring i likviditet	24 614	4 819
Likvide midlar 01.01	173 753	168 934
Behaldning av bankinnskott, kontantar og liknande 31.12	198 367	173 753
Unytta trekkramme per 31.12	821 030	698 423
Likviditetsreserve 31.12	1 019 397	872 176
Innvilga kredittramme 31.12	1 245 614	803 803

Note: 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapskapen og etablering av Helse Møre og Romsdal HF

Årsrekneskapskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseforetak. Det er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningslinjer gitt av eigar.

Helse Møre og Romsdal HF vart stifta 3. mars 2011. Frå 1. juli 2011 tok Helse Møre og Romsdal HF over den samla verksemda med tilhøyrande eigendelar, rettar, medrekna offentlege løyve og forpliktingar, frå Helse Sunnmøre HF og Helse Nordmøre og Romsdal HF. Rekneskapsmessig verknad vart sett til 1. januar 2011. Dette vart gjort i tråd med helseforetaksloven § 50 om omdanning. Overføringa vart gjort gjennom vedtak i dei respektive helseforetak sine føretaksmøte 4. mai 2011. Overtakinga av den samla verksemda er gjennomført etter rekneskapsmessig kontinuitet.

Opningsbalansen

Som følgje av at helseforetaka er non-profit-verksemdar der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlar.

I opningsbalansen ved stifting av helseforetak i 2001 vart bruksverdien sett til nykjøpskost. For bygg og tomter er nykjøpskost basert på takst utarbeidd av uavhengige tekniske miljø hausten 2001 og 2008. I nykjøpskosten er det teke omsyn til slit og elde, teknisk og funksjonell standard etc. Også for andre anleggsmidlar er nykjøpskost berekna. For overførte anleggsmidlar der det pr. 01.01.02 var kjent at desse ikkje ville vere i bruk, eller berre ville vere i bruk ei avgrensa periode i framtida, er det gjort frådrag i opningsbalansen.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering - Andre høve

Årsrekneskapskapen er basert på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, mogleg samanlikning, fortsatt drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar rekneskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring

Driftsinntektene kan i hovudsak delast i tre; fast grunnfinansiering (basis) frå eigar, aktivitetbaserte inntekter og andre driftsinntekter.

Basisramme er rammetilskot frå Helse Midt-Norge RHF. Tilskot blir rekneskapsført i samsvar med vedteken inntektsfordeling i Helse Midt-Norge for det einskilde år. Inntektsføring av basisramme gjennom året skjer i samsvar med prinsipp for periodisering utarbeidd av morforetaket.

Aktivitetbaserte inntekter, ISF-refusjon, kurdøgn, eigenandelar og refusjon frå NAV er knytt til pasientbehandlinga i helseforetaka. Inntektsføringa skjer i den perioden aktiviteten er utført.

Øyremerka tilskot blir inntektsført i takt med bruken av midlane. Investeringsstilskot blir ført som utsett inntekt i balansen i den grad midlane ikkje er nytta. Når tilskotet til investeringar vert nytta, bruttoførast eigedelen og tilskotet i samsvar med driftsmiddel og utsett inntekt. Den utsette inntekta blir resultatført over same periode som driftsmidlet blir avskrive.

Gåver blir disponert i samsvar med dei vilkår eller ønske gjevar har for disponeringa av midlane. Dersom gjevar har krav eller ønske om at gåva skal disponerast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar blir den klassifisert som tilskot og rekneskapsført etter reglane for øyremerka tilskot.

Sal av varer og andre tenester blir inntektsført ved levering/gjennomføring.

Sal av varer og tenester mellom føretak i helseforetaksgruppa skjer i utgangspunktet til ordinær pris. Fleire tenester blir ikkje fakturert, men er regulert gjennom tildeling av basisramma. Dette gjeld først og fremst det interne gjestepasientoppgjeret i regionen.

Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsført samstundes med dei inntekter utgiftene samsvarer med. Utgifter som ikkje kan vise direkte til inntekter, blir kostnadsført etter kvart.

Klassifisering og vurdering av eigedelar og gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter nykjøpstidspunktet, samt postar som er knytt til varekretsløpet. Andre postar er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar vert vurdert til det lavaste av nykjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til nykjøpskost. Anleggsmiddel som har avgrensa levetid skal avskrivast planmessig. Dersom det oppstår ein verdireduksjon som ikkje er forbigåande, gjennomfører ein nedskrivning av anleggsmidlet til verkeleg verdi. Tilsvarende prinsipp vert normalt lagt til grunn for gjeldspostar. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt er inn- og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskottet.

Pensjon

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapskapen etter Norsk Rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Helse Møre og Romsdal HF følger oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta, går fram av note om pensjonar. Helse Møre og Romsdal HF sine pensjonsordningar, medrekna AFP er å betrakte som ytelsesplaner.

Pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær optening basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlar. Netto pensjonsforpliktingar blir balanseført som langsiktig gjeld, medan overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig eigendel i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over den estimert attverande oppteningstida. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar og avvik i utrekningsføresetnadene (estimatendringar), er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittlig gjenværande oppteningstid er satt til 12 år.

Perioden sin netto pensjonskostnad er inkludert i løn og andre personalkostnader, og består av summen av perioden si pensjonsopptening, rentekostnad på den berekna forpliktinga og forventta avkastning på pensjonsmidlane, resultatført verkning av endringar i estimat og pensjonsplaner, resultatført verkning av avvik mellom faktisk og forventta avkastning, samt periodisert arbeidsgiveravgift.

Usikkerheten er i stor grad knytta til bruttoforpliktinga og ikkje til nettoforpliktinga som framkommer i balansen. Estimatendringar som følge av endringar i nevnte parameter vil i stor utstrekning periodiseras over gjennomsnittleg gjenværande oppteningstid og ikkje belaste resultatregnskapet umiddelbart slik som andre estimatendringar.

Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar etter sluttlønsprinsippet. Desse er i hovedsak avhengige av tal år som er opptent, stillingsfaktor og lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder. Pensjonsytingane vert samordna med ytingar frå folketrygda. Forpliktingane er dekt gjennom pensjonsordningar hos KLP (Kommunal Landspensjon). I tillegg til den ordinære tjeneste- pensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon (AFP) til aldersgruppa 62 til 66 år. AFP etter 65 er dekt med tilskot og utjamna på risikofelleskapen i den einskilde fleirforetaks- ordninga. AFP før 65 år vert dekt direkte for eiga rekning.

Arbeidsgjevaravgift vert berekna både på overfinansierte og underfinansierte ordningar så lenge kravet til balanseføring er oppfylt.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadane.

Immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar

Utgifter til forskning og utvikling (FoU) er kostnadsført, ut frå det forhold at samanhengen mellom utgifter til forskning og eventuelle framtidige inntekter er uklare. Utgiftene til andre immaterielle eigendelar er balanseført i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det blir forventta at dei vil gi framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til edb-programvare. Immaterielle eigendelar som er balanseført blir avskrivne lineært over venta økonomisk levetid frå det tidspunktet eigendelen blir teken i bruk.

Varige driftsmiddel blir vurdert til kostpris med frådrag for ordinære avskrivningar og nedskrivningar. Når det gjeld driftsmidlar overteke i samband med sjukehusreforma, sjå punkt ovanfor om opningsbalansen.

Balanseføring av investeringar på nybygg blir gjort etter kvart gjennom året. I tillegg blir ombyggingar/påkostingar på eksisterande bygningsmasse, der det skjer ein verdiauke eller vesentleg forlenging av attverande levetid, balanseført.

Varige driftsmidlar blir avskrivne lineært over venta økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlet blir teke i bruk. Gevinst eller tap ved sal av driftsmidlar blir handsama som ordinær driftsinntekt eller driftskostnad.

Varebeholdning

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi. Ferdigvarer og varer under tilverkning er vurdert til tilverkningskost. Gjennomsnittleg gjenanskaffelseskost er benytta der FIFO ikkje lar seg anvende. Gjennomsnittleg gjenanskaffelseskost er frå og med 2017 tatt i bruk for alle beholdningar som lagerstyrast ved hjelp av nytt økonomi- og logistikksystem for konsernet

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er verdsett til pålydande etter frådrag for avsetningar til forventta tap. Avsetningar til forventta tap blir gjort etter ei konkret vurdering av fordringane. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetning for dei fordringane det ikkje er gjort konkret avsetning for. Den sjablongmessige avsetninga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjør, og verdien kan estimerast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Skatt

Føretaket si verksemd (sjukehusdrift) er ikkje skattepliktig.

Verksemdsområde

Inndelinga i verksemdsområde er i hovudsak basert på hovudgrupper av pasientar / pasientbehandling. Tala er avstemte mot årsresultat og balanse i føretaket. Ein har i tillegg delt inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Det fører til at ein i analysen tek utgangspunkt i føretaket sitt resultat for året for å kunne presentere kontantstraumen tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd. Likvide midlar omfattar kontantar og bankinnskot.

Det er etablert konsernkontoordning med DNB. Innskot/gjeld på konsernkonto er klassifisert som kortsiktig fordring / gjeld mot Helse Midt-Norge RHF.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen ved rekneskapsperiodens slutt.

Helse Møre og Romsdal HF sin rekneskap inngår i konsernrekneskapen for Helse Midt-Norge RHF. Konsernrekneskapen kan ein få utlevert hos Helse Midt-Norge RHF, Wessels veg 75, Stjørdal eller den kan lastast ned elektronisk frå www.helse-midt.no

Note: 2 Verksemdrapping

Driftsinntekter pr verksemdområde

	2023	2022
Somatiske tenester	5 976 435	5 805 241
Psykisk helsevern, vaksne	915 559	823 228
Psykisk helsevern, barn og unge	267 809	242 464
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling	202 735	185 398
Anna	799 779	702 268
Overføring frå regionalt helseføretak til døtre		
Sum driftsinntekter	8 162 316	7 758 598

Driftskostnader pr verksemdområde

	2023	2022
Somatiske tenester	5 748 776	5 413 795
Psykisk helsevern, vaksne	1 187 446	1 079 811
Psykisk helsevern, barn og unge	272 120	240 904
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling	199 954	186 487
Anna	748 676	714 042
Kjøp regionalt helseføretak frå døtre		
Sum driftskostnader	8 156 973	7 635 040

Driftsinntekter fordelt på geografi

	2023	2022
Helse Midt-Norge sitt opptaksområde	8 078 739	7 665 792
Resten av landet	52 309	63 530
Utlandet	31 268	29 277
Sum	8 162 316	7 758 598

Note: 3 Driftsinntekter

	2023	2022
Basisramme		
Basisramme	5 620 487	4 756 270
Aktivitetsbasert inntekt		
Behandling av egne pasientar i eigen region	1 624 186	1 895 913
Behandling av egne pasientar i andre regionar	92 885	91 978
Behandling av andre sine pasientar i eigen region	65 428	63 530
Poliklinikk, laboratorium og radiologi	392 545	393 241
Utskrivingsklare pasientar	48 917	36 000
Anna aktivitetsbaserte inntekter	42 639	39 887
Anna driftsinntekt		
Kvalitetsbasert finansiering	39 924	41 227
Øymerka tilskott til andre føremål	103 001	214 914
Investeringsstilskott ført til inntekt	4 637	3 573
Annan inntekt	127 666	222 067
Sum driftsinntekter	8 162 316	7 758 598

Inntekter omtala som behandling av egne pasientar i eigen region og egne pasientar i andre regioner består av ISF-refusjon. I forbindelse med koronautbrotet fekk Helse Møre og Romsdal HF i 2022 tildelt ekstra basisramme på kr 49,700 mill samt øymerka tilskudd på kr 23,620 mill for å dekke auka kostnader og tapte aktivitetsbaserte inntekter.

Aktivitetstal

	2023	2022
Aktivitetstal somatikk		
Talet på DRG-poeng i tråd med sørge-for-ansvaret	80 288	78 514
Talet på DRG poeng iht. eigaransvaret	78 265	77 135
Talet på polikliniske konsultasjonar	364 951	353 628
Aktivitetstal psykisk helsevern for barn og unge		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	298	441
Talet på polikliniske konsultasjonar	37 781	39 092
Talet på DRG poeng iht. eigaransvaret	10 066	10 717
Aktivitetstal psykisk helsevern for voksne		
Talet på utskrivne pasientar fra døgnbehandling	2 581	2 539
Talet på polikliniske konsultasjonar	71 905	77 573
Talet på DRG poeng iht. eigaransvaret	13 458	14 355
Aktivitetstal tverrfaglig spesialisert behandling for rusmisbrukere		
Talet på utskrivne pasientar fra døgnbehandling	761	854
Talet på polikliniske konsultasjonar	18 090	16 931
Talet på DRG poeng iht. eigaransvaret	2 196	1 697

Talet på polikliniske konsultasjonar er berre refusjonsberettiga konsultasjonar

Note: 4 Kjøp av helsetenester

	2023	2022
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar somatikk	225 137	236 549
Kjøp frå private helseinstitusjonar somatikk	13 514	12 525
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar psykiatri	22 056	26 578
Kjøp frå private helseinstitusjonar psykiatri	35 638	11 819
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar rus	1 761	2 049
Kjøp frå private helseinstitusjonar rus	2 184	3 205
Kjøp frå utlandet	8 725	7 273
Sum gjestepasientkostnader	309 015	299 998
Innleie av helsepersonell frå vikarbyrå	53 266	46 944
Kjøp av andre ambulansetenester	38 342	43 532
Sum kjøp av andre helsetenester	91 608	90 475
Sum kjøp av helsetenester	400 623	390 474

Note: 5 Varekostnader

	2023	2022
Legemiddel	561 795	525 358
Medisinske forbruksvarer	427 678	406 453
Andre varekostnader til eige bruk	61 832	57 191
Innkjøpte varer for vidareasal	1 369	1 634
Sum varekostnader	1 052 673	990 635

Note: 6 Lønn og andre personalkostnader

	2023	2022
Lønnskostnader	3 964 721	3 758 833
Arbeidsgivaravgift	582 714	525 190
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	693 932	658 189
Andre ytingar	42 772	37 734
- Balanseførte lønnskostnader egne tilsette	-18 741	-14 231
Sum lønn og personalkostnader	5 265 399	4 965 716

	2023	2022
Gjennomsnittleg tal på tilsette	5 997	5 940
Gjennomsnittleg tal på årsverk	5 673	5 590

Godtgjersle til styret

Styregodtgjersle	1 132	1 203
Av dette godtgjersle til styreleiar	264	261

Opplysningar om leiarløningar og erklæring om fastsetting av lønn og godtgjersle til leiande tilsette

Med bakgrunn i endra reglar om leiarlønn i allmennaksjelova og Nærings- og fiskeridepartementets nye retningslinjer for leiarlønn i selskap med statleg eigarandel 30.4.2021, blei det frå og med 2022 vedteke nye retningslinjer for leiarlønn.

Nye retningslinjer for leiarlønn følger asal § 6-16b og forskrift. Konsekvens av endra retningslinjer er at det blir framlagt eigen lønnsrapport for ordinært føretaksmøte frå og med 2023.

Med bakgrunn av at det blir lagt fram eigen lønnsrapport inngår ikkje opplysningar om leiarlønn og erklæring om fastsetting av lønn og godtgjersle til leiande tilsette som ein integrert del av årsrekneskapet frå og med 2022.

Note: 7 Godtgjersle til revisor

	2023	2022
Revisjon etter lova	327	335
Utvida revisjon		
Andre oppgaver som vedkjem attestasjonar		
Rådgiving som vedkjem skattar og avgifter		
Andre tenester utanfor revisjon	18	9
Sum honorar til revisor	345	344
Honorar til revisor i høve til inngått avtale		
<hr/>		
Alle tall eksklusive merverdiavgift		

Note: 8 Andre driftskostnader

	2023	2022
Transport av pasientar	170 990	172 387
Bygningar og kontorlokale inkl. energi og brensel	104 520	134 807
Kjøp og leige av utstyr, maskiner og liknande	102 756	92 948
Reperasjoner, vedlikehald og service	102 287	79 236
Konsulenttenester	9 505	13 958
IKT tenester	502 732	378 266
Anna ekstern teneste	89 583	72 100
Kontor- og kommunikasjonskostnader	25 790	25 100
Kostnader i samband med transportmidlar	7 211	6 683
Reisekostnader	35 723	32 746
Forsikringskostnader	3 824	3 506
Pasientskadeerstatning	44 239	29 690
Andre driftskostnader	28 493	36 649
Sum andre driftskostnader	1 227 653	1 078 076

Note: 9 Finansposter

	2023	2022
Interne renteinntekter i føretaksgruppa	41 353	16 001
Andre renteinntekter	7 824	4 097
Andre finansinntekter	81	158
Sum finansinntekter	49 258	20 256
<hr/>		
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	139 533	26 936
Andre rentekostnader	-117 142	-21 968
Andre finanskostnader	309	307
Sum finanskostnader	22 700	5 275

Note: 10 Immaterielle eigendelar

	FoU	Lisensar og programvare 2 680	Prosjekt under utvikling	Sum 2 680
Kostpris 01.01.				
Tilgang i året				
Tilgang verksemdoverføring				
Avgang i året	0	0	0	0
Frå prosjekt under utvikling				
Kostpris 31.12.	0	2 680	0	2 680
Akk. avskrivningar 31.12	0	2 680	0	2 680
Akk. nedskrivningar 31.12				
Balansført verdi 31.12.	0	0	0	0
Ordinære avskrivningar i året	0	0	0	0
Nedskrivningar i året				

Note: 11 Varige driftsmidler

	Tomter og boligar	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmidlar, inv.og utstyr	Sum
Kostpris 1.1.	193 309	4 331 391	3 049 121	1 023 272	126 455	8 723 547
Tilgang i året	0	0	2 348 107	101 933	6 145	2 456 185
Tilgang verksemdoverdraging	0	0	0	0	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0	0
Frå anlegg under utføring	0	83 294	-92 349	143	8 912	0
Kostpris 31.12.	193 309	4 414 684	5 304 879	1 125 348	141 513	11 179 732
Akk. avskrivningar 31.12	0	2 729 233		690 225	98 439	3 517 897
Akk. nedskrivningar 31.12	0	0		75		75
Balansført verdi 31.12.	193 309	1 685 451	5 304 879	435 048	43 074	7 661 761
Ordinære avskrivningar i året		127 386	0	76 731	6 507	210 625
Nedskrivningar i året	0	0	0	0	0	0
Årets balansførte lånekostnader	0	0	120 258	0	0	120 258
Levetider		10-60 år		3-15 år	3-15 år	
Avskrivningsplan		Lineære		Lineær	Lineær	

Herav finansiell leie:

	Tomter og boligar	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmidlar, inv.og utstyr	Sum
Bokført verdi 31.12				52 085		52 085
Årets ordinære avskrivningar				13 404		13 404
Kostpris 31.12				104 216		104 216
Oversikt minimumsleie						
Innen 1 år				11 737		11 737
Mellom 1-5 år				36 940		36 940
Etter 5 år				3 943		3 943

Operasjonelle leigeavtaler:

	Tomter og boligar	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmidlar, inv.og utstyr	Sum
Leigebeløp	0	35 389	0	3 364	68 565	107 318
Leigetid		1 - 5 år		1 - 5 år	1 - 5 år	

Note: 12 Langsiktige byggeprosjekt

Investeringsprosjekt	Akk. regn. per 31.12 i år	Akk regn. per 31.12 i fjor	Total investerings- ramme	Prognose sluttsum	Planlagt tidspunkt ferdigstilt
Sjukehuset Nordmøre Romsdal (SNR)	4 714 830	2 576 997	6 693 000	6 659 000	vår 2025
Fasade Sjukehuset i Ålesund	272 897	260 158	272 000	272 000	31.12.2023
Akutt Intensiv Operasjon Ålesund (AIO)	78 964	24 721	1 289 000	1 289 000	2027
	5 066 691	2 861 876	7 828 000	7 853 000	

- 1) Investeringsramma SNR (P70), prisnivå oktober 2023
Investeringsramma AIO (P85), prisnivå januar 2024

Note: 13 Investeringar i aksjar og partar

	2023	2022
Andre aksjar og parter	50	50
Eigenkapitalinnskot i KLP	385 117	361 574
Sum investeringar i aksjar og partar	385 167	361 624

Som gjensidig selskap har KLP dekket hovuddelen av sitt eigenkapitalbehov gjennom eigenkapitalinnskotet frå kundane. Bortsett frå det oppsamla eigenkapitalinnskotet finns det eigenkapital i form av et eigenkapitalfond. Eigenkapitalfondet er opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endre seg frå år til år sjølv om det verken er tapt eigenkapital eller innbetalt nye eigenkapitalinnskot. Dersom ein kunde flyttar sin pensjonsordning frå KLP til ein annan pensjonsinnretning, vil kundens del av eigenkapitalinnskotet bli tilbakebetalt. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponere sitt eigenkapitalinnskot.

Note: 14 Andre finansielle egedelar

	2023	2022
Langsiktig krav på selskap i same føretaksgruppe	973 656	973 656
Lån til tilknyttta selskap og felleskontrollert verksemd		
Sum andre finansielle egedelar	973 656	973 656

Note: 15 Varelager

	2023	2022
Handelsvarer	0	47
Sum varer for videresal	0	47
Varelager til egne bruk	77 181	75 683
Sum varelager	77 181	75 729
Kostpris	77 181	75 729
Bokført verdi 31.12	77 181	75 729

Note: 16 Kundekrav og andre kortsiktige krav

	2023	2022
Kundekrav	88 253	101 632
Krav på føretak i føretaksgruppa	112 317	152 479
Oppsamla inntekter	6 809	9 967
Andre kortsiktige krav	40 249	27 571
Sum krav	247 628	291 648

	2023	2022
Avsetting for tap på kundekrav:		
Avsett for tap på kundekrav per 1.1	-11 495	-8 960
Årets endring i avsetting for tap på kundekrav	4 440	-2 535
Avsetting for tap på krav 31.12	-7 055	-11 495
Konstaterte tap på krav i året	1 812	2 867

Årets konstaterte tap blir bokført som ein reduksjon av fordringar. Endring i tapsavsetning og konstaterte tap er totalt inntektsført med kr 2,628 mill i 2023. Tap på krav er klassifisert som andre driftskostnader i resultatrekneskapet.

Kundekrav har følgjande fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalt	53 336	70 269
Forfalte krav 1 - 30 dagar	14 163	6 141
Forfalte krav 31 - 60 dagar	2 558	15 849
Forfalte krav 61 - 90 dagar	-780	1 114
Forfalte krav over 90 dagar	18 976	8 192
Kundekrav pålydande per 31.12.	88 253	101 565

Note: 17 Kontantar og bankinnskot

	2023	2022
Skattetrekksmidler	198 245	173 637
Sum bundne kontantar og bankinnskot	198 245	173 637
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	122	116
Sum kontantar og bankinnskot	198 367	173 753

Trekk på konsernkontoordninga er klassifisert som kortsiktig gjeld.

Note: 18 Eigenkapital

	Foretaks- kapital	Annen innskoten eigen- kapital	Fond for vurderings- forskjellar	Annen eigen- kapital	Total eigen- kapital
Eigenkapital 31.12.2022	100	2 892 920	0	373 689	3 266 710
Korr. av feil i tidlegare års rekneskap					
Eigenkapital 01.01.2023	100	2 892 920	0	373 689	3 266 710
Eigenkapitalstransaksjonar				0	0
Minoritetsinteresse					
Resultat dette året	0	0		31 901	31 901
Eigenkapital 31.12.2023	100	2 892 920	0	405 590	3 298 610

Foretakskapitalen består av 1 andel pålydende kr 100 000. Andelen er eigd av Helse Midt-Norge RHF.

Diverse

Styringskrav frå eigar	2023	2022
Resultat i høve til årsrekneskapen	31 901	138 540
Endrede pensj.kostn. teke hensyn til i res.krav		
Basisramme ut over ordinær tildeling		
Resultat jf økonomisk krav fra HMN	31 901	138 540
Budsjetteert resultatkrav frå HMN	0	19 000
Endra resultatkrav i året	-37 247	-9 200
Avvik frå resultatkrav frå HMN	69 148	128 740

Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtok budsjettet for 2023 med eit krav til resultat på kr 0 mill og seinare endra til kr. -37 247 mill.

Note: 19 Pensjonsforplikting

	2023	2022
Oppsamla pensjonsforplikting	16 295 655	14 693 012
Pensjonsmidlar	-13 886 778	-12 593 375
Netto pensjonsforplikting	2 408 878	2 099 637
Aga av netto pensjonsforplikting	337 966	294 579
Ikkje resultatført aktuarielt tap/vinst	-3 964 922	-3 249 311
Netto bokførte forpliktingar inkl. aga	- 1 218 079	-855 095
Av dette bal.ført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	1 218 079	855 125
Spesifikasjon av pensjonskostnad:		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	656 553	639 448
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	453 808	282 331
Brutto pensjonskostnad i året	1 110 362	921 779
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-653 927	-468 955
Administrasjonskostnader	22 601	21 727
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	479 036	474 551
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm kostn	67 209	66 580
Resultatført aktuarielt tap/vinst	121 206	93 913
Resultatført aga av aktuarielt tap/vinst	24 676	21 466
Netto pensjonskostnad i året	692 127	656 510
Andre pensjonskostnader 1)	1 805	1 680
Sum pensjonskostnader	693 932	658 189

1) Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarberekna, servicepensjonar og sikringsordning.

Pensjonsmidlar - Premiefond

Brutto pensjonsmidlar inkluderer premiefond med følgande beløp og bevegelser i løpet av rekneskapsåret:

	2023	2022
Saldo pr 1.1.	647 565	555 793
Tilført premiefond	79 074	220 956
Uttak frå premiefond	302 397	129 185
Saldo pr 31.12.	424 241	647 565

	2023	2022
Økonomiske føresetnader:		
Diskonteringsrente	3,10%	3,00%
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	5,20%	5,10%
Årleg vekst i lønn	3,50%	3,50%
Årleg pensjonsregulering	2,80%	2,63%
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,25%	3,25%
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	6 334	6 548
Talet på oppsette personar med i ordninga	8 533	7 939
Talet på pensjonistar med i ordninga	5 322	5 000

Føretaket har ei ytelsesbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i Lov om offentlig tjenestepensjon.

Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei ansatte er sikra i KLPs kollektive pensjonsordningar. Dette gjelder alders-, uføre-, etterlatte-, tidlegpensjon, AFP og betinga tenestepensjon. Årskulla født før 1963 er sikra tidlegpensjon og AFP 62-67 år. Årskulla født frå 1963 er sikra betinga tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krever det samordnas pensjonane med utbetalinga frå folketrygda, Det tenes ikkje opp pensjon for lønn over 12G (folketrygdens grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtaksfesta ytelsesnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 pensjonskostnader. Alle statlege helseføretak i KLP inngår i ein fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forpliktinga for AFP som del av berekna av pensjonsforplikting.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet vart samde om ny offentlig tenestepensjon (OFTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regelendringane er innarbeidde i KLPs vedtekter. Rekneskapsstiftinga gav ut eiga rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiinga er lagt til grunn ved utrekningane frå og med 2019. Framleis står att delar av pensjonsreforma. Stortingets vedtak 50 (2021-2022) av 17. mars 2022 om endra regulering av løpande alderspensjonar er tekne inn i utrekningane frå og med 2022

Regjeringa har i statsråd lagt fram Prop. 35 L (2023-2024) om endringar i lov om avtalefesta pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (ny avtalefesta pensjon). Forslaga gjeld i hovudsak ny avtalefesta pensjon (AFP) i offentlig sektor for tilsette som er fødd i 1963 eller seinare. Lovforslaget inneber at AFP for tilsette i offentlig sektor blir endra frå å vera ei tidlegpensjonordning til å ei ordning med livsvarig påslag til folketrygda.

Det vil medføra ei planendring når denne blir vedteken venteleg i april 2024.

Regjeringa og partane i offentlig sektor inngjekk 25.08.2023 avtale om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper som har særaldersgrenser. Den nye avtalen inneber at særalderspensjonen blir endra frå ei tidlegpensjonordning for kulla fødd 1963 og seinare til eit livsvarig påslag til pensjonen for dei som går av tidleg (overgangsreglar for kulla fødd 1964 og 1965). Reglane blir antekne vedteke i 2025

Regjeringa har i Stortingsmelding 6 (2023-2024) komme med ei tilråding om å auke aldersgrenser, betre alderspensjon til uføre og endra regulering av minstesatsar i folketrygda. Dersom dette blir vedteke, vil ein naturleg konsekvens vera at desse endringane blir samtidig gjort i offentlig tenestepensjon. Avtalen om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper med særaldersgrenser, føreset at endringane foreslått i stortingsmeldinga blir vedteken.

Beregningsforutsetningar

Dei økonomiske forutsetningane pr 31.12.2023 følger siste veiledning gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2024. Basert på desse er det beregna beste estimat brutto pensjonsforplikting pr 31.12.2023. Regnskapsstiftelsen har i veiledningen endret metodikken for fastsetting av forventa avkastning på pensjonsmidlane. Avkastninga bør nå fastsettast av kvar leverandør for deira portefølje basert på aktivklassane denne er investert i. For leverandørane til dei statlege helseføretaka gjev aktivaalokeringa ein forventa avkastning på 5,1%

Pensjon over 12 G

Føretaket har ingen personar som har tilleggsordning for pensjon som inneber dekking av pensjon ut over 12 G. Desse pensjonsordningane er finansiert over drifta.

Note: 20 Demografiske forutsetningar

	2023	2022
Nytta tabell over dødelegheit	KLP2021BE	KLP2021
Anvendt uførefrekvens	KLPKU2021BE	KU2021
Forventa uttakshyppighet	15-42,5%	15-42,5%

Frivillig avgang

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	<20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

Frådraga gjerast for kvart av årene i aldersgruppa.

Frivillig avgang for sjukehuslegar (i %)

Alder (i år)	<24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Sjukehuslegar i %	25	15	7,5	5	3	0

Frivillig avgang for fellesordning (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Fellesordning	25	15	7,5	5	3	0

Ikkje resultatførte estimatavvik

I samsvar med god rekneskapsskikk nyttar Helse Møre og Romsdal HF reglane om "korridor" og fordeling over gjenverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Estimatavvik utover "korridor" blir resultatført med 1/12 del

Note: 21 Andre forplikningar

	2023	2022
Avtalefesta permisjon	53 684	53 741
Investeringsstilskot	107 018	114 964
Sum avsetning for forplikningar	160 702	168 705
Talet på legar som inngår i avtalefesta permisjon	557	581
Uttakstilbøyelegheit	35,00%	35,00%

Avsetning for overlegetermsjon omfattar 557 overlegestillingar og psykologspesialistar.

Overordna legar og spesialistar i Helse Møre og Romsdal HF har avtalefesta rett til fire månaders studiepermisjon kvart femte år. Under permisjon mottok overlegane og spesialistane lønn. Lønna blir kostnadsført og avsett som ein langsiktig forplikning etter kvart som retten blir opparbeidd. Invsteringsstilskot: Øyremerka tilskot gjeve over statsbudsjettet til særskilte byggjeprojekt i Helse Møre og Romsdal HF. Tilskotet blir inntektsført i det enkelte helseføretak i takt med avskrivningane på den tilhøyrande investeringa. Sjå også note 2 for inntektsført beløp av investeringsstilskotet (dvs inntektsnoten)

Note: 22 Anna langsiktig gjeld

	2023	2022
Gjeld til føretak i same konsern	5 129 030	2 982 625
Anna langsiktig gjeld	53 157	66 794
Sum anna langsiktig gjeld	5 182 187	3 049 420
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	4 288 367	2 867 972

Note: 23 Anna kortsiktig gjeld

	2023	2022
Leverandørgjeld	447 027	430 646
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	486 581	190 669
Feriepengar	455 234	428 085
Lønn	135 512	138 595
Anna kortsiktig gjeld	182 954	136 461
Sum kortsiktig gjeld	1 707 308	1 324 455

Note: 24 Nærstående partar

Føretakets transaksjonar med nærstående partar - sal av varer og tenester

	2023	2022
Morføretak/eigar	10 120	8 779
Dotterføretak/søsterføretak	29 478	30 473
Sum sal av varer og tenester	39 598	39 252

Føretakets transaksjonar med nærstående partar - kjøp av varer og tenester

	2023	2022
Morføretak/eigar	51 702	51 702
Dotterføretak/søsterføretak	1 116 624	897 600
Sum kjøp av varer og tenester	1 168 326	949 302

Helse Møre og Romsdal HF sine nærstående er definert i rekneskapslova § 7-30b-1. Vesentlege transaksjonar med nærstående partar går fram i denne og andre notar i årsrekneskapen.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i leiarlønsnerklæringa som er eit særskilt dokument.

Helse Møre og Romsdal HF mottok det vesentlegaste av sine inntekter frå eigar, det vil seie Helse Midt-Norge RHF som er eigd av Staten v/ Helse- og omsorgsdepartementet. Når det gjeld vilkår og inntektsfordelinga viser ein til omtale i prinsippnotan.

Medikament utgjer ein stor andel av helseføretakets kostnader. I forskning og utvikling førekjem det samarbeid mellom legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytta til avtalar.

Det er gjennomført ei kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmar og leiande tilsette sine verv som kan tenkjast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er mellom anna underlagt lov om offentlege anskaffelsar.

Mellomværande med konsernselskap er omtalt i notane 14, 16 og 21.

Note: 25 Forsking og utvikling

	2023	2022
Øyremerka tilskot frå eigar til forskning	4 633	4 064
Andre inntekter til forskning	3 824	132
Basisramme til forskning	28 079	25 483
Sum inntekter til forskning	36 536	29 679

Sum inntekter til forskning og utvikling	36 536	29 679
---	---------------	---------------

	2023	2022
Kostnader til forskning - somatikk	34 032	26 298
Kostnader til forskning - psykisk helsevern	2 504	2 771
Kostnader til forskning - rus	0	610
Sum kostnader til forskning	36 536	29 679

Sum kostnader til forskning og utvikling	36 536	29 679
---	---------------	---------------

	2023	2022
Talet på avlagte doktorgrader	5	10
Talet på publiserte artiklar	98	95
Talet på årsverk forskning	30	24